MASTERSTUDIUM I FYSISK PLANLEGGING

Vil du vere med i samfunnsplanlegging og forming av våre fysiske omgivnader?

Fakultet for arkitektur og biletkunst/Institutt for byforming og planlegging tilbyr eit toårig masterstudium i fysisk planlegging. Studiet er det einaste i sitt slag i landet, og gir tittelen Master i fysisk planlegging. Det er plass til 20 studentar per år.



Alle kommunar og fylkeskommunar skal utarbeide og ajourføre planar. Mange private og offentlege interesser og ulike organ skal delta i planprosessen. I planarbeidet trengst kom-petanse frå mange fagfelt. Det opnar for ulike spennande jobbar innanfor samfunnsplanleg-ging og forvaltning, i privat eller offentleg sektor.

Masterprogrammet eit tilbod til kandidatar frå ulike utdanningar, for eksempel arealplanleg-ging, ingeniørfag, formingsfag, transportfag, samfunnsfag, kulturminne, naturforvaltning/ økologi, økonomi, administrasjon og leiing, og pedagogikk.

Har du fagbakgrunn i teknisk, naturfagleg eller tilsvarande retning er det kanskje mest natur-leg å arbeide spesifikt med fysiske planar. Med andre fagbakgrunnar vil du kanskje heller vere godt kvalifisert til å medverke i tverrfagleg planarbeid og planprosess.

Studieprogram

Det er lagt opp til at studentane kan velge mellom fire fagprofilar.

Obligatoriske emne	67,5 sp	
Hovudoppgåve	30 sp	(tilpassing til fagprofil)
VALGEMNE i fagprofilen	22,5 sp	(kan velge andre emne i samråd med faglærar og koordinator)

	EMNEOVERSIKT			
semester	7,5 sp	7,5 sp	7,5 sp	7,5 sp
4	**Masteroppgåve**			
3	**Planleggingsteori og planprosesskunnskap**	**Plan- og byggesaks-behandling**	**Prosjektoppgåve i fysisk planlegging**	VALGEMNE
2	**Fysisk detaljplanlegging**	**Biologiske ressurser**	**Kommunal økonomi og planlegging**	VALGEMNE
1	**Fysisk oversiktsplanlegging**	**Landskapsplan-legging og GIS**	**Byggeskikk og stedsforming**	VALGEMNE

Forslag til valgemne i fagprofilane:

profil / semester	**Kommunal planlegging**	**Landskap og økologi**	**Kulturmiljø**	**Plan og prosjekt**
4	Masteroppgåve	Masteroppgåve	Masteroppgåve	Masteroppgåve
1 & 3	Eiendomsutvikling Byplanhistorie Kultur, natur og miljø* Menneske og sted - bygd	Geologiske ressurser Byplanhistorie Kultur, natur og miljø* Menneske og sted - bygd	Byplanhistorie Dokumentasjon og analyse (bygnings-vern) Antropologi og arkitektur Introduksjon til arkeologi Kultur, natur og miljø*	Eiendomsutvikling Organisasjon og økonomi i BA-prosjekter Prosjektstyring 2
2	Områdeutvikling Samordnet areal- og transportplanlegging Menneske og sted - by Kultur, natur og miljø*	Energiressurser Miljø og ressursøkonomi Menneske og sted - by Kultur, natur og miljø*	Byformingsteori Arkitekturhistorie Menneske og sted - by Kultur, natur og miljø*	Områdeutvikling Samordnet areal- og transportplanlegging Økonomistyring og selskapsrett Kontraktsrett og kontraktsforhandlinger Prosjektledelse 1

** blir ikkje undervist kvart år*

Det blir skilt mellom to opptaksgrupper:

Gruppe 1: Minimum tre år høgare utdanning (180 sp) med minst 80 sp i tekniske eller samfunnsfag som er relevante for fysisk planlegging/samfunnsplanlegging. Døme på slike utdanningar er bachelorprogram innanfor arealplanlegging, ingeniørfag, formingsfag, transportfag, samfunnsfag, kulturminne, naturforvaltning/økologi, økonomi, administrasjon og leiing, pedagogikk.

Gruppe 2: Minimum tre år anna høgare utdanning (180 sp) og minst to år relevant praksis frå samfunnsplanlegging. Døme på relevant praksis er arbeid innan fysisk planlegging og leiar for ein planleggingsrelevant sektor, stab eller institusjon i privat eller offentleg verksemd.

Nærmare opplysningar

Du finn meir informasjon om masterprogrammet på *http://www.studier.ntnu.no/*.

Søknadsfrist 15. mai 2006. Bruk NTNUs søknadsweb.

Nærmare opplysningar kan du få hos Helge Fiskaa, Institutt for byforming og planlegging,

telefon: 73 59 50 28, e-post: helge.fiskaa@ntnu.no.